

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 4 - SEPTEMBER 2009 41. årgang



Tingvollen, Lye 2009

Sjå fleire bilete på side 7



Tingvollen – ein flott junidag
i kulturhistorisk landskap




Ein draum blei verkeleg



Mangfaldig dugnadsånd
på Undheim.



Barnet mitt er døypet
– kva skal eg gjera?



Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heirneside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost Kjell Børge Tjemsland

tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård

tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland

tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingfrid Time Nærland

tlf. 51 48 40 69

Diakon: Wigdis Hansen

tlf. 93 64 54 61

Sekretær Bryne sokneråd:

tlf. 51 43 78 16

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

tlf. 51 43 78 16

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd;

tlf. 48 02 73 04

Herdís Lindal

tlf. 51 77 03 77

Sekretær- Kari W. Ødegaard

tlf. 51 77 03 76

Sekretær: Siri Vik

tlf. 90 19 38 25

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland

tlf. 51 48 34 82

Konsulent Tor Aase

tlf. 51 48 32 84

Time kyrkje og kyrkjegard

tlf. 51 48 28 08

Bryne kyrkje

tlf. 51 48 85 10

Prosjektelar trusopplæring:

Jorunn M. Ueland

Time

tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug

tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim

tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim

tlf. 51 48 43 09

Bryne

tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad

tlf. 41 27 28 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth

tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland

tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

tlf. 51 48 59 56

Soknerådsleiar: Inger Kristine Løge

tlf. 51 48 59 56

Barne- og ungdomsarbeidar:

tlf. 51 77 03 68

Jorunn Pettesen

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

tlf. 95 17 89 71

Ungdomsprest: Ole Tørring

tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

tlf. 51 48 86 70

Liv Heidrun Skaar Heskstad

tlf. 51 48 86 70

Undheim

tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad

tlf. 93 44 29 19

Kyrkjetenar: Hans Undheim

tlf. 5148 45 55

Soknerådsleiar: Steinar Sandvik

tlf. 5148 42 22

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim

tlf. 901 85 969

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke

Jer 18,1-6 Gå og sjå...

Mange av oss forsøkte leirskiva på skulen i si tid. Det var spennande å klaska leirklumpen i senter av ho. Vi skulle forma det flottaste kruset! Det gjekk lett. Vi dyppa hendene i vatn for å gjera dreilinga smidigast mogleg. Og leira lyfta seg fint opp mellom hendene. Det nærma seg eit krus i utsjånad. Tynt og fint. Men plutselig øydela centrifugalkrafta det vi hadde skapt mellom fingrane våre. Tilbake satt vi med eit makkverk som ikkje likna noko.

Profeten Jeremia hadde med menneske og eit folk å gjere som ikkje alltid gjorde det som rett var. Til tider vart han både lei og kritisk i forhold til dei: Det nyttar jo ikkje for mitt folk å vera eit folk som vedkjenner seg og følgjer Gud. Tenkte han. Var det i det heile noko vits for Gud å vise dei nåde? Kvifor tilgir Gud dei når han veit dei på ny vil gjera det som er gale? Kvifor orkar Gud å bry seg om forsoning og nye moglegheiter? Han har jo om igjen og om igjen gitt dei nåde, og snart er det akkurat som før. - Gi opp Gud!

Men profeten fekk erfara at Guds vesen var heilt annleis enn han trudde. Han gir aldri opp nokon. For Gud er personleg Nåden, Tilgjevinga og Forsoninga. Derfor nyttar det ikkje med profeten sine innvendingar når han meir eller mindre direkte sa til Gud: Gi dei opp. Det nyttar ikkje likevel!

Nokon kvar av oss kan nok ofte også vera som profeten: Gi opp den personen, dei folka der etc. Og nokon gonger trur vi at Gud også vil gi opp å vise oss nåde.

Slik er ikkje Gud.

Gud brukte ofte eksempel slik Jesus også gjorde ved hjelp av likningane sine. Han bad profeten gå til pottemakarverkstaden. Der skulle han sjå og læra.... Profeten såg, og oppdaga korleis pottemakaren lagde om igjen dei krusa som av ein aller annan grunn ikkje blei vellukka. Pottemakaren ga aldri opp å forma på ny.

Gud som skapar er slik. Det er mykje vondt både rundt oss, i oss sjølv og hos andre. Men Gud gir likevel aldri opp nokon av oss. Han vil fellesskap med oss. Han delar stadig ut nye startar til oss.

Lik eit forvrengt krus står vi alle overfor Gud. Alle, på like fot, treng vi Guds nåde og nye startar. Og fyrst i møte med den rause Gud, finn vi på ordentleg oss sjølv.

Vi bør også ha pottemakaren i våre tankar!

Om menneske kan ha vanskeleg for å tilgi og bli forsona seg mellom, er Gud alltid villeg til det. Ein samtale og drøs med Gud er ofte det avgjerande. Det er jo ei bøn! Denne kan ingen hindra oss frå. Bøna er alltid tilgjengelig for oss. Dermed er Gud også alltid tilgjengeleg som lyttar til våre bøner.

Bruk derfor bøna! For å be er eigentleg å sei: Gud eg treng deg. Hør på meg og ta imot meg slik eg er.

Det skal få vera vår daglege trøyst og gi oss styrke og frimod: Gud er nådig mot oss. "Amazing Grace..."

Prost Kjell Børge Tjemsland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrklege fellesråd.

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrklege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589.

Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss innan måndag 19.oktober. Neste nr. kjem ut ca. 8.november. Ver vennleg å halda fristen for innlevering av stoff.

**Min salme er: Det er makt
i de foldede hender**

Heilt sidan eg sa ja til Jesus 13 år gml., har eg visst at Jesus går ved sida mi og høyrer når eg ber. Men det er først i vanskelege tider at eg verkeleg har fått røynt kva det vil sei å stola på Jesus. Som då sonen min, Øystein, rusa seg og sprang ute om nettene. Eg var i bøn mang ei natt. Han fekk hjelp og kom utav rusproblema. Fleire år seinare blei han alvorleg psykisk sjuk med angst og depresjon. Mange var med og ba for han. Men han blei ikkje frisk, han blei så därleg at han gjorde slutt på livet sitt. Kvar var du Gud oppi dette? Eg trur på ingen måte det var noko meining med det som skjedde, men eg er overtydd om at Gud var der, i Øystein si fortviling og sjuke sinn. Vi ser stykkevis og delt, men ein gong skal vi få sjå med udekka åsyn. Både sorga og det eg ikkje forstår, kan eg få koma til Gud med. Og eg er overtydd om at Han høyrer og bryr seg, sjølv om svaret ikkje alltid er slik eg ønsker. Eg trur det er makt i bøn når vi vender oss til den allmektige Gud, og difor blei denne salmen sunge under Øystein si gravferd.

Herdís Garborg

Sein Salme

Det er makt i de foldede hender

Det er makt i de foldede hender.

I seg selv er de svake og små.

Men mot allmaktens

Gud du dem vender,

Han har lovet at svar skal du få.

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.

Om det drøyer,

dog fram det skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:

Kall på meg, og du hjelpen skal få!

Du som ber for ditt barn, dine kjære,

Er i forbønn fra år og til år,

Om du tålmodets lekse må lære,

Himlens bønnesvar engang du får.

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.

Om det drøyer,
dog fram det skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

Det er makt i de foldede hender

Når i frelsersens navn du får be,
Og en gang når du livsløpet ender,
Hvert et bønnesvar klart skal du se.

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.

Om det drøyer,
dog fram det skal nå.

For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

Tekst: Trygve Bjerkreim 1955

Gratulerer, Alvin Aarbakke, med kongens sølv!



Laurdag 22.august var det fest på Saron, samlingsfest for haustsemesteret. Den store overraskelsen i programmet var utdeling av Kongens sølvmedalje til Alvin Aarbakke.

Ordføraren, med kjedet på, stilte på podiet midt i festen. Han som skulle heidrast var også heilt uvitande om kva ordføraren hadde i sinne..

Gjennom meir enn 50 år har Alvin Aarbakke vore med i barnearbeid, guttelag og søndagsskule på Saron. Me kan knapt forestella oss kor mange frå Bryne som i barneåra har lært Alvin å kjenna frå dette arbeidet, og kor uendeleg mange som har hatt og har eit godt førebilete i han.

- Drivkrafta i arbeidet har vore å gi Guds ord til barna slik at dei kan bli kjende med Jesus. Barn likar å høyra forteljingane frå Bibelen, og ordet frå Gud kan vera ei rettesnor for dei resten av livet, seier Alvin.

Takk for truskap i arbeidet gjennom så mange år!
Helgedagen gratulerer med velfortent heder!

Å VERA MED PÅ

Fredag 11. sept. kl. 19:00
Samlingsfest
Fotland bedehus.

Andakt v/ Alfred Salte
Helsing v/ prost Kjell Børge Tjemsland
Synnøve Grøtteland Helland
syng Halldis Reigstad songar
Tidlegare musikklag "øver" med
gamle og nye medlemmar
Bilete og musikk v/ Håkon Bjarland
God servering
Alle hjarteleg velkomne
Arr. Styret for Fotland bedehus

Laurdag 12. sept.
kl. 14:30 – 16:30
Første samling
KIA Nærbø
i Nærbø kyrke

KIA's Multikulturelle Gospelkor
vert med og
Rivo Razakandriana held andakt.
Det vert elles innslag frå KIA Nærbø.

KIA Nærbø ber inn KIA Bryne og
KIA Egersund til første samling
som vi skal ha til hausten.

Laurdag 19. sept. kl. 18:00
BRYNE KYRKJE 30 ÅR
JUBILEUMSFEST

Festtale; **Ingvar Fykse:**
Gleda i Guds hus
Stein Øderård:
Draumar for Brynekyrkja
Leif Andenes: Skråblikk

Jubiléumsmannskor

Ungkyrkja deltek, Dikt, Orgelmusikk

Matøkt

Kom og lat det verta ein festkveld

Sundag 20.sept. kl.11:00
Haustakkefest i
Hognestadhallen

Leik og aktivitetar
Fotland barnehage
og Fotland sundagsskule

Hognestad skule deltek

Presentasjon av
Hognestad konfirmatane

Tysdag 22. sept. kl. 19:00
NMS-gjenbruk Bryne

Nytt orienteringsmøte i Peisetova, Bryne
kyrkje. Vi treng fleire medarbeidarar:
Kom og hør om dette er noko for deg.
Vi reknar med butikkopning i oktober

Fredag 25. sept.
Møte på Fotland Bedehus

Tema: Frøydis Nordbustad sitt arbeid
med bibelspreiing og leseopplering på
iraqw-språket i Mbulu, Tanzania.
Holger Kjølvik og Valfrid H. Kjølvik vert
med.

Kjellfrid Eggebø syner bilet og fortel
om arbeidet.

Alle velkomne!

Arr. Støttegruppa for Frøydis
Nordbustad sitt arbeid (SGI) V/Valfrid H
Kjølvik



Sundag 25. okt. kl. 15:30
Haustfest for alle over 60
i Bryne kyrkje

Stein Ødegård blir med oss.
Det blir song, musikalske innslag og
diktlesing.
Detaljert program blir annonseret
etterkvart.

Det blir allsong, god mat, kaffi og tid til
drøs.

Hjarteleg velkommen

Arr: Bryne Diakoniutval

Torsdag 29 okt.kl. 19:00
på Frelsesarmeens
Velkommen til inspirerande
temakovlede om
besøksteneste:

- Meir enn ord -09.

Åslaug Høyland skal tala. Ho er
psykiater og har lang erfaring i
sjelesorg. Ho var leiar av
Torlandsenteret.


Husets Trekkspelklubb blir med oss
denne kvelden.

Kvelden er ei open samling for alle som
brukar samtalén i ei teneste for andre.
Vi er mange og veit at det kan vera
krevjande. Her kan du få treffa andre, få
inspirasjon og påfyll.

Enkel servering og tid til
erfaringsutveksling rundt borda.

Alle er hjarteleg velkomne.

Arrangementet er eit samarbeid mellom
Den norske kyrkja og
Frivillighetssentralen.



Laurdag 31. oktober Open kyrkje

Velkommen til Allehelgensprogram i Time kyrkje:

Kyrkja er open kl. 11.00-14.00.

Program i kyrkjesalen kl. 12.00-13.00

Tenn eit lys

Dagen før Allehelgessøndag er mange på kyrkjegarden for å minnast den/dei av sine nærmeste som har gått bort.. Derfor vert kyrkja open denne dagen. Alle som ønskjer det kan få sitja ned i ro og ettertanke. Vi er tilgjengelege for samtale.

På kyrketorget, dvs. tilbygget til kyrkja, vil vi ha "varmestove". Her kan du få kaffi og noko å bita i.

Ved eit bord kan du tenna lys til minne om den/dei som har døydd frå deg. Vi legg også fram litteratur som kan vera til hjelp.

Ord og tonar til håp og trøyst

Kl.12:00-13:00 vert det program med musikk, dikt og skriftlesing i kyrkerommet. Tema for denne samlinga er "Ord og tonar til håp og trøyst." Organist Per Olav Egeland sit ved orgelet, og det vert opplesing ved Leif Andenes.

Torsdag

5-12-19-26 november

kl. 18.00-22.00

alle dagane

Velkommen til samlivskurs!

"To på samme kurs" og

"Et annerledes språkkurs"

Vi tilbyr både kurs 1 (To på samme kurs) og kurs 2 (Et annerledes språkkurs). De må sei ifrå kva for eit kurs de ønskjer ved påmelding. Vi anbefalar alle å gå på kurs 1 først. Kurs 2 er først og fremst for dykk som har gått eit kurs før. Gje dykk sjølvé tid der de fokuserar på parforholdet!

Kurset kostar kr. 600 pr par, då er kursmateriell og mat inkludert.

Påmeldingsfrist er torsdag 22. oktober.

For påmelding eller meir informasjon, ta kontakt med:

Time kyrkjekontor, tlf: 51 77 03 77
eller email: diakon@time-kyrkja.no

Velkommen til å bli med!



5. klassingar får invitasjon til "Størst av alt" no i haust. Tilbodet er ope for alle 5.klassingar. Ta kontakt om de ikkje får invitasjon i posten!
Time (Vestly, Hognestad, Lye) byrjar medio september,
Bryne og Undheim i oktober.

Vel møtt til kjekke samlingar!



Visjon for kyrkja i Bryne

- tema for kveldsgudstenester i Bryne kyrkje hausten 2009 -

Bryne kyrkje er 30 år i haust. Denne jubileumshausten vil derfor kveldsgudstenestene og Rosselandsgudstenestene fokusera på visjonen og den ferske strategiplanen for kyrkjelyden. Til kveldsgudstenester er det utforma eit enkelt samtalehefte til teksten for dagen. Dette kan brukast av eksisterande grupper eller av einskildpersonar som slår seg saman for ein kveld eller fleire utover hausten. Strategiplan og samtaleopplegg er å finna på kyrkja si heimeside.

Bryne kyrkjelyd sin visjon er å vera **den opne famns kyrkje!** Ei kyrkje for gode relasjonar, raus i mangfald, tydeleg i retning.

Kveldsgudstenesta 23.august hadde tema frå visjon til handling. For resten av kveldsgudstenestene er tema og program slik:

20.september kl. 19:00:
Den opne famns kyrkje – frå aktivitet til relasjon
Om fellesskap og givarteneste.
Gitar ved Bjar Bohne

18.oktober kl. 19:00:
Den opne famns kyrkje – frå det som stengjer til det som opnar
Om å vera medarbeidar.
Song av DeKor og drama av Ungkyrkja

13.desember kl. 19:00:
Den opne famns kyrkje – frå vedlikehald til misjon
Om Jesus som sprengjer grenser.
Song, drama og musikk ved Ungkyrkja

- Stein Ødegård -

MØTEKALENDER FOR FOTLAND BEDEHUS HAUSTEN 2009

SEPTEMBER

- Mati. 7. Bønnemøte
- Fre. 11. Samlingsfest
- Lør. 12. Møte NLM
- Søn. 13. « «
- Fre. 18. Møte Israelsmisjonen
- Man. 21. Bønnemøte
- Tys. 29. Forening NMS

OKTOBER

- Søn. 4. Møte Normisjon
- Man. 5. Bønnemøte
- Fre. 16. Basar NMS
- Man. 19. Bønnemøte
- Tys. 20. - Søn. 25. Fellesmøtene
- Tys. 27. Forening NMS

NOVEMBER

- Søn. 1. Møte Normisjon
- Man. 2. Bønnemøte
- Ons. 4. - Søn. 8. Møteveke NLM
- Man. 16. Bønnemøte
- Fre. 20. - Søn. 22. Møte Indremisjonen
- Tys. 24. Forening NMS (misjonsfest)
- Søn. 29. Møte NLM
- Man. 30. Bønnemøte

DESEMBER

- Fre. 11. Julemassa NLM
- Lør. 12. «
- Man. 14. Bønnemøte



Time kyrkje 150 år Program for jubiléumsåret

Sundag 20.september
Hausstakkefest i Hognestadhallen
Leik og aktivitetar. Fotland barnehage og Fotland sundagsskule

**Sundag 15.november
kl.11:00**
Jubiléums-gudsteneste
Me samlar songarar frå fleire kor som har vore knytte til kyrkja, saman med tidlegare dirigentar og leiarar. Det vert felleskor, blåsegruppe og solistar.
Biskopen kjem
Eigen jubiléumssalme

Sundag 13.desember kl.11:00
"Fest i Guds hus"
Ei spesiell adventsgudsteneste med Jærklang, barnekor, dansarar, dramainnslag og musikarar

Saman feirar me kyrkja vår!

952 99 844:

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

VARDHEIVG. 60, BRYNE - trykkeri@jprint.no

Tingvollen

- ein flott junidag i kulturhistorisk landskap

Sundag 14.juni var det friluftsgudsteneste på Tingvollen, Lye. Flinke jenter frå 6. klasse på Vestly og 7. klasse på Lye framførte to tablå på Tingvollen Dei hadde laga alt sjølv! På ein flott måte ga dei oss streif av innsikt i vår eiga lokale historie. Bileta på denne sida viser noko av det.



Stolne kyr førte til rettsak, holmgang - og død!



Dom i sak frå vår tid: Stolen iPod skal leverast tilbake – og det skal kjøpast ein til alle i slekta!



Heile gjengen klar! Rektor Geir Soma bak til venstre



I Smedgava, med døme på ting som vart lagde ned med den døde



Jærklang og Vibå spelemannslag

*Heidi i aktivitet blant
born i Colombia*



Ein draum blei verkeleg

To unge kvinner sit framføre meg. Dei har for kort tid sidan kome heim etter åtte månader i Colombia. Heidi Eritsland, 19 år, er frå Lyefjell. Marte Grøtvik Borgen, 21 år, er frå Skien.

Dei har vore i Colombia i eit utvekslingsprosjekt mellom Fredskorpset, Landslaget for norske ungdomsorganisasjonar og Misjonsforbundet ung. Samstundes har to unge frå Colombia vore på utveksling i Noreg.

Marte var med i utvekslingsprosjektet året før, og var heldig som fekk halde fram eit år til. Gjennom oppveksten i Skien misjonskyrkje fekk ho høyra mykje om Colombia. Kyrkja hadde stadig folk som arbeidde i Colombia. Ivrige kom dei heim og fortalte. Marte vart glad i Colombia, og det vokste fram i henne ei lyst og ein draum om å reisa dit og ta del i arbeidet.

Heidi fekk for to år sidan vera med Bryne misjonskyrkje til Colombia. Året før hadde eit team frå Colombia jobba i Bryne misjonskyrkje. Heidi vart inspirert av ungdomane frå Colombia, og då ho sjølv kom dit, kjende ho kallet til å gjera ein innsats.

Dei legg begge vekt på at kallet for dei handlar om å gjera ein forskjell i livet for menneske der dei er. Alle kan bety noko godt for menneske rundt

seg , i Noreg, i Colombia og kor ein elles måtte vera. Kor me er, kan me visa menneske litt av Guds kjærleik. Gud gav oss lyst til å dra. Det var eit steg ut i det ukjende, seier Heidi. Eg lært å stola på Gud i kvardagen. Når eg ikkje lenger kunne støtta meg til mor, far og familien elles, visste eg at Jesus var med meg. Eg vil ta med meg dette vidare og øva meg i å stola på Gud.

Medan dei var i Colombia, budde dei i byen Medellin. Det bur mellom to og fire millionar menneske i byen, kan dei fortelje. Ingen veit sikkert kor mange. Mange er fattige flyktningar frå landet. Dei er ofte utan identitet og vert ikkje rekna med. I Medellin finn ein alt som kan ønskjast, seier Marte. Forskjellane er så store. Flotte bustader, store hagar, parkar, store og gode vegar, kjøpesenter, ja, alt ein storby skal ha. Men her er òg mykje fattigdom. Interne flyktningar frå meir urolege deler av landet har gjerne bygd seg ei trehytte i utkanten av byen. Hyttene liknar på dei ungar byggjer her. Me besøkte familiar som budde slik, seier Heidi. Dei var enormt gjestfrie. Dei tok imot oss

same kor lite og ringt dei hadde det. Og dei delte det vesle dei hadde. Me besøkte heimane til barna me jobba for. Det er viktig at heimane veit kva barna lærer, så ikkje heimane dreg dei i andre retningar.

Misjonsforbundet i Colombia vil nå ut til folk gjennom sosiale tiltak, seier Marte. Fotballtrening, skule og kulturaktivitetar vert nytta til å gje barn, som har vakse opp med mykje vald, nye verdiar. Dei snakkar om fred, kjærleik, nyskaping, endring av livstil og om å strekka seg etter draumane sine. Der eimen av marihuana ligg tjukk i gatene og valdsnivået er høgt, der må tanke-mønstra endrast.

På ein barneheim budde det barn som var i høgrisikogruppa for å bli kriminelle eller rusmisbrukarar. Me var der ein kveld i veka, fortel Marte. Vår oppgåve var å gjera noko kjekt saman med dei. Me hadde alltid andakt, drog på tur, såg film eller prata saman. På barne-

heimen fekk dei mat og fekk utdanning tilsvarende grunnskulen i Noreg.

Ein gong i veka var me saman med nokre kvinner frå kyrkja. Me bad ilag med dei. Etterpå laga me til mat og drikke som me delte ut til menneske som levde på gata. Det var mange som ikkje hadde heim eller nettverk. Mellom desse var det mange eldre som ikkje hadde nokon offentlege rettar. Dei hadde jo ikkje identitet. Kyrkja hadde eit arbeid som gjekk ut på å læra folk om deira rettar, seier Heidi. Det kunne vere kva dei hadde rett på frå staten, men og om at kvinner har rett til ikkje å bli slått og andre ting som er sjølvsagde for oss. Slik informasjon er viktig i alle slags samanhengar der kyrkja er til stades.

Eg spør om dei kjende seg trygge i Colombia. Me høyrer jo så mykje om uro og vald. Dei fortel at dei kjende seg trygge i gode heimar. På dagtid kunne dei ferdast fritt og trygt. Buss kunne

dei ta som dei ville. Men etter ti om kvelden måtte dei vera inne. Den siste tida var det store spenningar mellom bandane i byen, og ingen var trygg ute om natta. Colombia er eit land med flott natur, med fine strender og tilbod for turistar. Men i store deler av landet er det uråd å reisa for utlendingar.

Det har vore spennande og lærerikt å læra å kjenne ein annan kultur. Det var mest som å bli barn igjen, seier Heidi. Eg måtte læra språk. Det vart rart å ikkje forstå kva som blei sagt. Og det var vanskeleg å læra seg å vera høflig. Det som er rett måtte å føra seg på her, blir fort galt der.

Kan de tenkja dykk å jobba i Colombia ein gong i framtida, spør eg. Begge vert drøyande i blikket. Ja, det vil dei begge, for kjærleiken til Colombia og folket der er blitt ein del av dei begge.

Gunnar Frøyland

Mangfaldig dugnadsånd

på Undheim

Tidleg sommar og venneinvitasjon til 70-årsdag. Stad: Undheim kapell. Det var overveldande å koma til festpynta bord i kapellkjellaren ein laurdag ettermiddag. Harmoniske fargar og rikeleg med markblomar lyte mot oss frå alle bord. Omlag 60 gjester kunne nyta herleg middag og mykje meir. Kjøkengjengen gjorde ein fabelaktig jobb. Men kven var dei?

Oddvar og Kari Egeland og Åslaug Tunheim har alt under kontroll



For kapellet

Då kapellet skulle reisast slo dugnadsånda ut i full blom i Undheimsbygda, og det vart ingen stopp i dette ved at kapellet vart vigsla. Derfor lever dugnadsviljen framleis sitt mangfaldige liv, der altså Åslaug Tunheim, Kari og Oddvar Egeland rett og slett er "på arbeid" i denne 70-årsfesten. På arbeid for kapellet, forsto eg fort. Dette var så spennande at eg har teke turen tilbake for å prata med dei.

Ekstrainntekt for kapelldrifta

Den årlege basaren, loppemarknad annankvart år og ofringar til kyrkjelydsarbeidet har vore det faste for økonomien i mange år. Ein ny post på årsrekneskapen heiter: Inntekt ved dugnad. Det nye kapellet gjorde det muleg å ha andre samlingar enn gudstenester og møte. Nå kan folk samlast til minnestund etter gravferda, konfirmasjonsfest, feira dagar, ja, også bryllaup i kapellkjellaren. I blant ringjer også Haga Buss og spør om dei kan koma med ei last turistar. Desse vert mottekne med heimebakst: rundstykke og langpanne-kaker. Inntektene, dvs. det som vert betalt for arbeidet, går direkte til kapelldrifta.

Dugnadsfolket kan ta hand om alt det praktiske før ei samling, heilt frå matbestilling til lys og bordpynt. I etterkant går dukane til ein privat vaskemaskin.

- Med nytt bygg og betre plass aukar aktiviteten. Det trengs pengar både til arbeidet i kyrkja og til å halda alt i orden, seier Oddvar.

Dei tre av dugnadsgjengen eg møtte fortel kor gildt det er å vera med på dette, og korleis dei vert sveisa saman. - Det er faktisk ei stor glede å få vera med, understrekar damene. Men Kari ser også at det kan vera viktig å avgrensa innsatsen. - Det må ikkje bli for mange arrangement pr. månad. For dette må me kunna gjera med glede, seier ho. Ofte har dei samarbeid med ein annan stor dugnadsfaktor på Und-

heim: Samfunnshuset. Dei kan levera mat. Mykje av arbeidet der skjer også på dugnad og med flinke kokkar. Eg får mest inntrykk av at det ikkje er "kapellet" og "samfunnshuset", men at dei same folka stiller opp begge stader.

- Med ca. 60 gjester er det veldig fint her i kapellet, Men det har vore mange fleire. Då vert det trøngt for gjestene og meir arbeid å tilpassa rommet, seier Oddvar.

Alle tre seier stadig at "me er ca. 15 som er med på dette", 15 som kan ta sin tørn når det trengs. Dei tre er nesten litt brydde ved at eg skulle snakka med bare dei. Men det er lett å begripa at det må mange til for å halda desse hjula i gang. Det er gildt og inspirerande, og nesten utruleg, å oppleva så mykje positiv vilje og glede ved å gjera ein innsats for fellesskapet. Å leggja best muleg til rette for at kapellet kan fylla sin funksjon for alle aldersgrupper, og at den kristne bodskapen skal vera tilgjengeleg i nærmiljøet, er nok den største drivkrafta.

- Blir de ikkje trøytte av alt dette arbeidet og ansvaret, ofte knytt til ei helg?

"Klart me blir trøytte, men så kviler me etterpå og blir nye igjen," seier Åslaug smilande. Eg får mest lyst å bruka eit inbegrep i desse valtider: Fornybar energi! Det er mykje fornybar energi på Undheim.

emb

PS.

Parkeringsplass, park og perle

Ja, slik tenkte eg i det eg parkerte ved kapellet.. Uteområdet osar VELKOMMEN ! Her er det velstelt plen, nymåla bord med benker og grill ved "ånå". På dugnad har det blitt til. DS.

Vegen tilbake til Gud

"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!.

Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.

Barnet mitt er døypt – kva skal eg gjera?



**Friluftsgudsteneste med dåp
ved Fotlandsfossen 23.august**

Det er barnedåp i kyrkja. Foreldra og fadrane reiser seg. Orda om kva dåpen forpliktar til, vert lesne. "De skal vera vitne om at han/ho er døypt. De skal be for barnet. De skal læra barnet å be. De skal læra barnet å bruka Guds ord. De skal læra barnet å bruka Herrens nattverd."

Ver vitne!

Det er barnet som skal vita : "Eg er døypt. " For å gje barnet ei trygg visse på at det er døypt, må barnet få høyra om det. Hent fram bileta. Sjå filmen. Tenn eit lys og takk for dåpen. La barnet sjå at andre vert døypte og snakk om det som hender. Løft fram dåpen som ei viktig hending i barnet sitt liv.

Be for barnet!

For den som ber, er det sjølv sagt å be for barnet sitt. Ingen er oss nærmare. Spesielt i gode dagar gløymer mange å be. Både for små og store er det god hjelpe i faste bønetider. Mange ber når dei står opp om morgonen. Andre har ei bønestund midt i dagen. Kanskje har du vakse opp med og halde fast på kveldsbøna gjennom livet. Løftet om å be for barnet er ei hjelpe for foreldre og fadrar til enno ein gong å skapa ein døgnrytme der bøna har sin plass. Og be det gjer me i tillit til alle løfta Jesus gir til den som ber.

Lær barnet å be!

Barnet lærer å be når foreldre, fadrar eller andre ber ilag med barnet. Det far og mor vil at barnet skal læra, gjer dei saman med barnet. Når me gjer noko som viser trua vår, ser barnet trua vår. Då gjev foreldra trua vidare til barnet. Mange snakkar om trusnøytral oppseding. Ofte meinat dei då ei oppseding utan synlege uttrykk for tru . Det er å læra opp til ikkje tru. Heimen er den viktigaste staden for å gje trua vidare. Mange opplever at bøn saman med barnet er den mest naturlege måten å fortelja barnet om trua på Gud.

Bruk Guds ord!

Heilt grunnleggjande handlar dette om å lesa , høyra og fortelja det som står i Bibelen. Ja til dåp er ja til å læra barna bibelhistoria og særleg forteljingane om Jesus. Men, å bruka ordet er meir. Den som brukar ordet, gjer det ordet seier. Guds ord lærer oss kva som er rett og galt, godt eller vondt. Den som brukar ordet, lar Bibelen visa veg i små og store val. Snakk saman om tekstane og spør kva det du har lese får å seia for kva du gjør. Tilgjeving er sentrum i kristentrua. Gud tilgir oss for Jesu skuld. Å bruke ordet er å leva tilgjevinga. La barna sjå at mor tilgir far, og far tilgir mor. La barna bli trygge på at om dei har gjort galt, er dei elskaa og får tilgjeving. Og når du som forelder har gjort galt mot barnet ditt, la barnet vita at du treng å bli tilgitt av han/ho. Slik brukar me Guds ord.

Bruk Herrens nattverd!

Så snart barnet kan sitja, får det ein stol. I den sit barnet ved bordet saman med far og mor. For oss er det sjølv sagt at barna er saman med oss ved bordet. Gud vil og at barna hans skal samlast ved bordet. Me får vera der berre fordi me er barn. Ein plass ved Far sitt bord ventar på deg. Plassen ved bordet gjer oss til eit familiefellesskap eller ei kyrkje . Oppdraget, "å lære barna å halda alt Jesus har bode oss," deler foreldre og fadrar med kyrkjelyden.

Trusopplæringa

Heimen er den viktigaste plassen for trusopplæringa. I kyrkjelyden hjelper me kvarandre med oppgåva. Ja til dåp er ja til å ta imot hjelpe me kan få. Når barnet ditt blir invitert til trusopplæring i kyrkjelyden, er ikkje det ein fritidsaktivitet på linje med alle andre. Det er kyrkjelyden som vil hjelpe deg å halda det løfte du gav ved dåpen. Hjelpe deg , så barnet blir verande hos Jesus når han/ho veks opp. Hjelpe deg , så du saman med barnet ditt blir meir og meir kjend med Jesus.

STØTT ANNONSØRANE VÅRE

Hus for norske forhold

SAGAbø
HUS FOR NORSKE FORHOLD

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

TIME SPAREBANK
-for Jæren

WACO

Forsikringsmegling as



M44

Besteforeldres drøm –
Når vi skal skjemme bort
prinser & prinsesser



Torggt. 2, 4340 Bryne
Tlf: 51 77 76 00
Telefaks: 51 48 51 03



Hareland Solskjerming AS

Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935
E-post: per.hareland@lyse.net

Innvendige persiener
Utvendige persiener
Lamellgardin
Rullegardin
Plisségardin
Screenduk
Markiser
Terrassemarkiser
Gratis måltaking!

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11.

DØGNERVICE 971 78 180

TEAM BYGG

EL-TEAM
Elektroentrepreneur

STEIN & HAGESERVICE
BRYNE
BELEGGINGSTEIN | NATURSTEINMUR | SKIFER | GRAVING | PLANTING | BESKJERING

Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889

MØBELRINGEN

I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20

Optiker
AARSHEIM

Optiker Rolf Aarsheim
Meierigata 9, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 19 54



Alt i bøker, musikk, rekvisita,
kort og hobby i Storgata

SpareBank 1 SR-BANK



Serigstad Bygg

EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN

**TEMAREISER
IKRISTEN REGI**

1. - 12. og 12. - 23. oktober har vi direktefly til Israel fra Sola. Mange gruppereiser å velge i eller reise på egenhånd.

Til Pasjonsspillet i Oberammergau har vi mange grupper i perioden mai – september 2010. En del turer er fulltegnet, mens andre har noen plasser ledig. Nå haster det med å bestemme tur.

Se nærmere informasjon på www.fokusreiser.no



i bjørnsenhuset på torget bryne • 51485333

INTERFLORA
www.studiobломst.no



Tlf. 51 48 15 50, Storgt. 19, Bryne



KOINONIA BOK OG MUSIKK
Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 – 4340 BRYNE
Tlf. 51486520



Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01



Hognestadveien 88, 4340
Bryne - Tlf. 51 77 92 00



Våre medarbeidere på Jæren:
Holger Kjølvik, Runar Apeland,
Brikt Goa og Borgny Å. Skretting

Døgnvakt
Tlf. 51 97 29 00
www.krogedal.no



frisørsenteret

alltid ute etter fremragende folk



Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra
til en verdig gravferd

www.brynebbyraa.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt



Arkitekt as
Reier Carlsen
Hulda Garborgsv. 2, 4340 Bryne
51 32 02 62 - 959 30 788

Lauritz Aarsland

Tannlege
Tlf. 51 48 28 93



FRETEx

Vi gir folk grunn til
å tro på framtiden

Tv- AKSJONEN 2009

Dette året er det CARE som er mottakar organisasjon. CARE kjempar for fattige kvinner i verda og deira rett til eit verdig liv. Gjennom prosjekta til CARE skal kvinnene få høve til å greie seg sjølv. CARE veit at ved å hjelpe ei kvinne, får også familien og menneska rundt henne hjelp. Når ei fattig kvinne aukar inntekta, si går det meste til familien - til helse, mat og utdanning for barna. Difor hjelper CARE kvinner med å starta eigne grupper der dei kan spara og låna pengar. Overskotet investerer dei etter behov, t.d i ei ny symaskin, ei geit, litt meir jord, såkorn etc. Etter 2. verdskrig fekk også Noreg hjelp av CARE ved at det vart sendt naudhjelp frå Nord –Amerika til eit krigsherja Europa. Les meir om Tv aksjonen på www.tvaksjonen.no



foto: Heiko Junge/Scanspix

Med spare- og lånegruppa seier denne kvinnen at livet for henne og familien er blitt betre.

Me treng bøsseberarar 18. oktober

Vil du vera med?

Meld frå til Diakonen ved

Time Kyrkjekontor tlf 51 77 03 74

**Noe av det viktigste ved å være til,
er å være til for andre...**

**Vil du være et medmenneske
og lytte til som trenger deg?**

Det kan gi deg nye impulser, ny kunnskap og nye tanker!

- Som telefonvakt
hos Kirkens SOS
kan du bidra
til at andre
får det bedre,
samtidig som du får
perspektiv på livet og
utvider dine kunnskaper
innen kommunikasjon!



Vi trenger kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

Vi tilbyr

- 40 timer innføringskurs (+ praksis) for frivillige telefonvakter
- En godt organisert tjeneste
- Veileitung
- Personlig utvikling i et utviklende fellesskap

Som frivillig medarbeider gir du av din tid til

Seks vakter i kvartalet (å 4-5 timer)

Et møte pr. mnd. (veiledingsgruppe eller felles fagsamling)

**Nytt innføringskurs starter 24. september 2009,
dag: 10-13 eller kveld 19-22**

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland tlf. 51 88 45 15 / 971 70 995

Epost: rogaland@kirkens-sos.no

www.kirkens-sos.no



Tryggheimsveien 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

Tirsdag: 08.30 - 09.00

Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

19.30 - 21.00

Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

DØYPTE**BRYNE KYRKJE**

Iben Marie Vedvik, Karine Bill Magerland, Julie Steinskog, Turid Haugland Ødemotland, Mille Amundsen, Frida Hustoft Apeland, Marthin Orre, Emilie Brunes Scheie, Theodor Siegel Carlsen, Mathias Nortind-Tjåland, Truls Varhaug Lie, Åge Martin Torgersen Taksdal, Tor Arne Ege, Jon Arne Serigstad, Ask Daatland, Mathias Oltesvik Bore, Ulvar Jess Stokdal, Jørgen Hjelleflatlen, Storm Asheim, Lycke Rosland Kvarme, Ane Bore Salte, Tuva Daatland, Ida Bjelland, Karoline Egeland, Linus Kindervåg Langli, Olav Stava Sveinsvoll, Kyrre Nesse, Emil Thunheim, Kima Grødeland Sandvik, Johan Pedersen, Andreas Surdal, Terese Thorsen Bryne, Vegard Birkeland Eide, Sander Barvik, Sikke Danielsen Thompson, Ricardo Manuel Forberg Da Silva, Marte Bjerkevoll, Marie Svalestad

LYE FORSMALINGSHUS

Ingeborg Mæland, Miranda Hana Tveit

UNDHEIM KAPELL

Nolan Martin Winkle, Erle Bakke Gravdal, Amalie Pedersen Fossfjell, Thea Cedervall Sikveland, Theor Helland, Tom Daniel Haugland, Evander Harald Undheim, Berta Priscilla Bjelland

TIME KYRKJE

Trond-André Heskje, Hannah Linnéa Garpestad-Serrie, Adrian Vigre Rugland, Leif Andre Dallavarra Haugstad, Lina Steinsland Mapfumba, Mathilde Liland-Vik, Rita Haugland, Joachim Brekken Myklatun, Tobias Nedrebø, Sondre Osaland Henriksen, Sarah Auestad Tjelta

UNDHEIM KAPELL


Nolan Martin Winkle, Erle Bakke Gravdal, Amalie Pedersen Fossfjell, Thea Cedervall Sikveland, Theor Helland, Tom Daniel Haugland, Evander Harald Undheim, Berta Priscilla Bjelland

BORN FRÅ TIME DØYPT**ANDRE STADER**

Lukas Øverland Pollestad, Røldal kyrkje

VIGDE

Kari Hafver og Oskar Undheim,
Solvor Karin Fredriksen og Pål Undheim,
Silje Therese Aarsland Øgreid og
Lars Christian Øverland,
Elisabeth Maudal Paulsen og
Franz Breum Houler,
Katrine Aure og Karl Kristian Alsvik,
Hanne Lea Tvedt og Åge Bø,
May-Jane Bergsholm Brunes og
Johnny Scheie,
Cathrine Fosså Larsen og
Leif Arne Undheim Brådland,
Alida Berntsen og Jostein Høyland,
Habiba Abci Ali og Odd Martin Berge,
Monica Time og Sven Hatteland,
Rita Synnøve Gilje og Trond Eriksen,
Marie Ree og Lars Ove Straumland,
Kari Østerholt Taksdal og
Knut Arne Karlsen,
Sarah Bjelland og
Kjetil Johannes Helland,
Oddrun Time og Bjarne Larsen,
Emanuela Løland og Abel Fessehaie,
Tone Skrudland og Arne Tjåland

DØDE

Roald Undheim, Svein Arne Suphellen, Ingeborg Myrebø, Guldborg Otilie Hadland, Veslemøy Hetland, Valdis Line Risa, Andreas Ueland, Jon A. Serigstad, Olav Marselius Skrudland, Anna Maria Grødeland, Marie Yesica Slettebø, Oddbjørn Holen, Finn Livar Stange Sørensen, Magnhild Vorraa, Valborg Tjensvoll, Kristian Olav Kristiansen, Arna Corneliusen, Hans Johannesen, Terje Taksdal, Tom Haugland, Klara Stensland

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gaver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kirka.no>



Velkomen til

gudsteneste**Skyss til
gudstenesta****BRYNE KYRKJE:**

Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Garbriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:

Helga Garborg
51 48 71 61

Dortea Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.

Sundag 6. sep.	14. sundag e. pinse	Lukas 10, 25-37
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste med konfirmasjon
Brekko kapell	kl. 11:00	Familiegudsteneste for alle sokna i Time. Nattverd
Sundag 13. sep.	15. sundag e. pinse	Salme 116, 12-16
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Dåp. Konfirmantpresentasjon. Jungelgjeng
Bryne kyrkje	kl. 18:00	Sundagstreff. Gudsteneste kl. 19.00.
Lye forsamlingshus	kl. 10:30	Tilrettelagt for menneske med utviklingshemming
Undheim kyrkje	kl. 19:00	Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon
		Gudsteneste. Nattverd
Sundag 20. sep.	16. sundag e. pinse	Matteus 6, 24-34
Hognestadhallen	kl. 11:00	Haustakkefest. Konfirmantpresentasjon
Time vgs	kl. 11:00	Familiegudsteneste
Bryne kyrkje	kl. 19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
Sundag 27. sep.	17. sundag e. pinse	Johannes 11, 17-44
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Haustakkefest for heile familien. Dåp
Lye forsamlingshus	kl. 10:30	Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkje	kl. 10:30	Haustakkefest for heile familien. CD til 2 åringane
Sundag 4. okt.	18. sundag e. pinse	Brevet til Romarane 14, 1-8
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Nattverd
Time kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Dåp. 50-års konfirmantane jubilerer
		Dersom Time kyrkje er stengd, vert gudstenesta i Undheim kyrkje
Sundag 11. okt.	19. sundag e. pinse	Markus 12, 28-34
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Familiegudsteneste. Dåp
Lye forsamlingshus	kl. 10:30	Familiegudsteneste.
Undheim kyrkje	kl. 10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Sundag 18. okt.	20. sundag e. pinse	Markus 2, 1-12
Time kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Nattverd. Dersom Time kyrkje er stengd, vert gudstenesta i Lye forsamlingshus
Time vgs	kl. 11:00	Familiegudsteneste. Bok til 4åringane
Bryne kyrkje	kl. 19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
Sundag 25. okt.	Bots- og bededag	Jesaja 59, 1-9
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Jungelgjeng
Bryne kyrkje	kl. 18:00	Sundagstreff. Gudsteneste kl. 19.00.
Lye forsamlingshus	kl. 10:30	Tilrettelagt for menneske med utviklingshemming
		Gudsteneste. Nattverd
Sundag 1. nov.	Allehelgensdag	Matteus 5, 1-12
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Nattverd
Time kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste. Nattverd. Dersom Time kyrkje er stengd, vert gudstenesta i Lye forsamlingshus
Sundag 8. nov.	23. Sundag e. pinse	Brevet til Filipparane 1, 6-11
Bryne kyrkje	kl. 11:00	Familiegudsteneste. Dåp. Bok til 4åringane
Lye forsamlingshus	kl. 10:30	Familiegudsteneste. Bok til 4åringane
Undheim kyrkje	kl. 10:30	Familiegudsteneste. Bok til 4åringane